

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.04.2020

Vår ref.: 201839611-11

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Gert Vidar Høgseth

22959543/gvho@nve.no

Kunngjering

Høyring av søknad om konsesjon til grunnvassuttak for Lærdal vassverk på Hauge, Lærdal kommune, Vestland fylke.

NVE har motteke ein søknad frå Norconsult, datert 14.02.20, om løyve til grunnvassuttak til Lærdal vassverk, Hauge, Lærdal. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Sogn Avis. Om du ynskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Trond Sekse på e-post (trond.sekse@norconsult.no) eller telefonnummer 454 04 560.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Du kan sende din uttale til oss så snart som råd, og seinast innan 11.06.20.

Vi ynskjer helst at uttalen vert sendt elektronisk frå denne nettsida: www.nve.no/konsesjonssaker

Det er òg mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Om de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen, eller deler av den, vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan nyttast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter vassressurslova § 45. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ynskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

Lærdal kommune ynskjer å etablere nye Lærdal vassverk med grunnvassuttak og vasshandsamingsanlegg ved Hauge (gnr./bnr. 20/2) i Lærdal kommune. Grunnvassuttaket vil bli på inntil 150 m³/t (3600 m³/døgn). Anlegget skal forsyne kommunesenteret Lærdalsøyri og busetnad opp forbi sjukehuset ved Ofta, i tillegg til nye og eksisterande abonnentar ved Håbakken.

Grunnvassuttaket vil ha liten effekt på grunnvassnivået på naboeigedomane, og ingen synleg verknad på vassføring/vassnivået i Lærdalselva.

NVE vil handsame søknad om konsesjon til vassuttak, etablering av brønner og vassleidningar mellom brønner og vasshandsamingsanlegget.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Friluftsrådet Vest
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Lærdal kommune
Lærdal Turlag
Mattilsynet Region Sør og Vest
MILJØDIREKTORATET
Norges geologiske undersøkelse
Norges Miljøvernforbund
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

Norconsult AS - Sogndal